

## **Første spadetak Nordhordlandspakken Holme 21. november 2018**

God morgon og velkommen til Holme, som ordførar i Meland kommune og medlem i kontaktutvalet for Nordhordlandspakken vil eg seie at dette er ein stor dag. Det er svært etterlengta at vi står her og skal ta første spadetak i det første prosjektet i Nordhordlandspakken.

Det har vore ein lang veg for å komme der vi er i dag. M.a. kunne vi lese dette i ei av lokalavisene om dagen då bompengane tok slutt på Nordhordlandsbrua, nyttårsaftan 31. desember 2005: Samstundes som ein feira at brupasseringa vart gratis, vart det arbeidd med å opprette eit selskap, Nordhordlandspakka AS, som skulle jobbe med vegprosjekt i regionen vår. Det største enkeltprosjektet den gongen var Nyborgtunnelen, og ein hadde som mål å starte innkrevinga i 2009.

Forsøket den gongen kom ikkje i mål, og det har vore mange og lange rundar sidan. Sist i kommunane i 2014 og 2015 når ein etter to rundar vedtok pakken slik vi gjerne kjenner den i dag. Dette vart avløyst av ei lang ventetid på handsaminga i departement og Storting, ikkje minst ein grundig KS2-runde, før Stortinget kunne gjere sitt endelege vedtak 28. november 2017 mot berre ei røyst frå Raudt.

Heldigvis hadde vegvesenet allereie fått engasjert ein prosjektleiar og fylkeskommune hadde løyvd planmidlar, så mykje reguleringsplanarbeid var starta opp og pakken eigentleg godt i gjenge når det formelle stortingsvedtaket kom. Sidan har vi fått på plass kontaktutvalet for pakken, og i dag kan det konkrete arbeidet i felten starte.

Og kva betyr Nordhordlandspakken for regionen? Nordhordlandspakken har heile 19 større og mindre prosjekt, og dette er i stor grad tiltak på fylkesvegane i Nordhordland. Og vi har stor trong for oppgradering av vegnettet vårt og fleire problematiske strekningar blir oppjustert. Eller som det blir sagt på nettsida til Nordhordlandspakken:

*Nordhordlandsregionen er ein region i vekst både som bustad- og arbeidsmarknad. Vegnettet er i dag ikkje tilpassa til å møte denne veksten. Framkomsten for næringstransporten er dårleg på mange delstrekninger.*

Det største prosjektet, nr. 1 og ny veg på Radøy, har forhåpentlegvis også oppstart like rundt hjørnet, og veldig mange av dei andre prosjekta er i ulike stadier av planfasen. Det er lagt opp til at utbygginga blir tilpassa den økonomiske ramma på kring kr 1,5 mrd., med ein porteføljestyling som skal sørge for at ein held seg innanfor dei økonomiske rammene. Dette er viktig, ikkje minst sidan det er bompengar involvert, og det er viktig å ha respekt for alle dei som er med å bidrar til dette store spleiselaget.

Som sagt, det er mange viktige prosjekt som blir realisert. Vi kjem eit langt steg nærmare ein ringveg i regionen, det er viktige tiltak som skal vidareutvikle regionsenteret Knarvik, det er enkeltprosjekt i alle deltakarkommunane og for Meland sin del vil vi få oppjustert fleire flaskehalsar i kommunen. Vegen forbi Litlebergen vil medføre at reguleringsplanar kan realiserast, og med vegen mellom Fløksand og Vikebø kan vi igjen få god utvikling for lokalsenteret Vikebø/Rosland.

Nordhordlandspakken gir betre og oppjusterte vegar, tryggare ferdsel for mjuke trafikantar som gir fleire bustader, fleire folk og fleire elevar på skulane. Ja, rett og slett meir optimisme og vekst!

Prosjektet her på Holme har og vore eit langt lerret å bleike, der det og har vore diskusjonar om kva løysing ein skulle velje. Men til slutt fekk vi det endelege vedtaket om reguleringsplanen i 2017, så er vi veldig glade for at vi i dag kan starte arbeidet som vil gi betre vilkår for mjuke trafikantar og at ein kan få realisert ein butikk her på Holme. Det er eit etterlengta tilbod for folket som bur her, men og for dei som bur lenger nord. Og samstundes vil kommunen kunne få etablert eit fortau til Blåkklokka barnehage og oppjustert VA-anlegget som går vidare mot Tveit. Rett og slett eit godt samarbeidsprosjekt.

Til slutt vil eg trekke fram samarbeidet mellom kommunane i regionen, Statens vegvesen og ikkje minst Hordaland fylkeskommune som er vegeigar på dei aller fleste av prosjekta i pakken. Det er viktig at alle partar jobbar godt saman, skal ein få god realisering av prosjekta i pakken. Og eg vil ønskje prosjektleiar Håvard Dyrkolbotn lukke til med arbeidet på prosjektet, og samarbeidet med Fyllingen Maskin. Endeleg kan ein begynne det konkrete arbeidet på dei ulike prosjekta, det veit eg du har sett fram til.

Og då skal vi ta det første spadesticket for å markere at realiseringa av Nordhordlandspakken er i gang.

Øyvind Oddekalv

Ordfører i Meland kommune og medlem i kontaktutvalet Nordhordlandspakken